LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Norconsult AS
Pb. 1199
5811 BERGEN

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Siril Therese Sylta | 05.06.2018 |
| Vår: 18/972 - 18/17745 | SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no | |

# Referat fra forhåndskonferanse i sambanad med byggetiltak ved senking av Kvassnesvegen m.m. - gbnr 188/116 Gjervik ytre

Førehandskonferanse er ein gjensidig orientering om rammeføresetnader for det aktuelle tiltaket og krav knytt til plangrunnlag, infrastruktur, lovverk og saksgang for søknaden. Førehandskonferansen gjev ingen binding i forhold til den vidare sakshandsaminga.

Orienteringa er gjeve på bakgrunn av dei opplysningane som er sendt inn i forkant og/eller lagt fram i møte. Vi gjer merksam på at endring i plangrunnlag, merknader frå naboar, merknader frå offentlege instansar og politiske vedtak med vidare vil kunne føra til krav om endring av prosjektet, lengre tid til sakshandsaming og endring av sakshandsamingsprosessen.

For krav til førehandskonferanse vert det vist til byggesaksforskrifta § 6-1.

Referatet skal dokumentere dei føresetnader som er lagt til grunn, og gjev grunnlag for vidare handsaming. Referatet skal sluttførast i førehandskonferansen og kommunen skal straks gjere referatet tilgjengeleg for tiltakshavar. Referatet skal følgje med som vedlegg til ein eventuell byggesøknad.

Førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste, jf. Lindås kommune si gebyrforskrift.

| | |
|---|---|
| **Tiltak** | Gbnr: 188/116 og 188/761 |
| **Tiltakshavar** | |
| **Ansvarleg søkjar** | Norconsult AS |
| **Møtestad** | Rådhuset, Knarvik |
| **Møtedato** | 05.06.2018, kl. 12.30 |
| **Til stades i møtet frå kunde og kommune** | Norconsult AS v/ Erik Sterner<br>Lindås kommune v/utbygger: Arne Eikefet<br>Lindås kommune v/plan: Kristin S. Nielsen |

| | |
|---|---|
| | Lindås kommune v/bygggesak: Eilin H. Molvik og Siril Sylta |

| | |
|---|---|
| **Søkjar kom med følgjande orientering om tiltaket** | Innsendt dokumentasjon mottatt 19.03.2018.<br><br>I forbindelse med forhåndskonferanse ønsker vi at følgende tema / problemstillinger blir tatt opp.<br>Entreprise Kvassnesvegen ( se tegn. B-01, områder markert med hel oransje linje og bokstav):<br><br>• Midlertidig kollektivterminal og rundkjøring, A<br>• VA-anlegg, inkl. kai i Kvassnesstemma, B (I tillegg VA anlegg i kjørebanen og mot Kvassnesstemma)<br><br>• Mulig midlertidig mur langs Coop tomten, C<br>• Mur langs Kiwi-p-plass, D:<br><br>Entreprise E39:<br>• VA-anlegg (ikke vist spesielt på tegn, gjelder ledninger i eller langs kjørebanen E39 og Kvernhushaugane, og ved undergang Stallane)<br><br>• Støyskjermer, F<br>Entreprise Helsehuset – Stallane (se tegn. H-100) :<br><br>• VA-anlegg, G<br>På vedlagte oversiktstegninger er det vist plasseringen til de omsøkte elementene. |

| **Sakshandsaming** | |
|---|---|
| **Sakstype** | ☒ Tiltak som krev søknad, løyve og ansvarsrett jf. pbl. § 20-3<br>☐ Tiltak som krev søknad og løyve, jf. pbl. § 20-4<br>☐ Tiltak som ikkje krev søknad og løyve, jf. pbl. § 20-5<br>☒ Tiltak som vert handsama etter anna lovverk, jf. pbl. § 20-6 og SAK § 4-3 a)<br>☒ Søknad om dispensasjon, jf. pbl § 19-1 |

| | |
|---|---|
| **Tiltaksklasse SØK** | ☐ Tiltaksklasse 1 ☐ Tiltaksklasse 2 ☐ Tiltaksklasse 3<br><br>Kompleksitet og moglege konsekvensar av feil og manglar, er avgjerande for val av tiltaksklasse. Val av tiltaksklasse kan verta endra i løpet av prosessen. Søkjar foreslår tiltaksklasse ved innsending av søknad. |
| **Nabotilhøve** | ☒ Naboar og tverrbuar skal ha varsel i samsvar med naboliste og |

| | |
|---|---|
| | situasjonskart, jf. pbl. § 21-3. |
| **Situasjonsplan/ utomhusplan** | Situasjonsplan må visa alle tiltaka søknaden gjeld.<br>Krav til innhald er til dømes:<br>• Målsatt med ytre mål<br>• Vise avstand til nabogrense<br>• Vise møneretning<br>• Vise byggegrenser<br>• Vise avstand til midtline til offentleg veg<br>• Vise murar/terrenginngrep<br><br>Ber om at innsendte kart viser gjeldande arealføremål og føremålsgrenser under dei tiltaka det vert søkt om, slik at eventuelle avvik frå gjeldande plan er identifiserbare. |
| **Teikningar** | Det må sendast inn teikningar i målestokk.<br>For murar og støyskjermar/andre støytiltak må det leggast ved teikningar, lengdeprofil og snitt. |

| | | |
|---|---|---|
| **Uavhengig kontroll** | ☒ | Obligatorisk uavhengig kontroll, jf. SAK § 14-2, avhengig av tiltaksklasse. |
| **Godkjenning/uttale etter anna lovverk, jf. SAK § 6-2**<br><br>Der forholdet til anna mynde ikkje er avklart ved innsending av søknad, vert søknaden sendt på høyring og/eller oversendt for vedtak etter det aktuelle lovverk. | ☐ | Arbeidstilsynet |
| | ☐ | Direktoratet for mineralforvaltning |
| | ☐ | Brannvesen |
| | ☐ | Forurensningsstyresmakt – Kommunal |
| | ☐ | Forurensningsstyresmakt – Fylkesmannen |
| | ☐ | Friluftsstyresmakt - Kommunal |
| | ☐ | Havnestyresmakt – Kommunal/Bergen om Omland Havnevesen |
| | ☐ | Havnestyresmakt - Kystverket |
| | ☐ | Helsestyresmakt - Kommunens helseteneste |
| | ☐ | Helsestyresmakt - Mattilsynet |
| | ☐ | Jordlovsstyresmakt - Kommunal |
| | ☐ | Kyrkjeleg styresmakt |
| | ☐ | Luftfartstilsynet |
| | ☐ | Kulturminne – Fylkeskommunen |
| | ☐ | Kulturminne – Bergens sjøfartsmuseum |
| | ☐ | Sivilforsvaret |
| | ☐ | Vegstyresmakt – Kommunal |
| | ☒ | Vegstyresmakt - Statens vegvesen |
| | ☐ | Anna |
| | | Søkjar kan sjølv leggja saka fram for andre styresmakter. |

| Plangrunnlag | |
|---|---|
| **Planstatus** | ☐ Kommuneplan<br>☒ Reguleringsplan<br>☐ Utbyggingsplan<br>☐ Omsynssoner<br>☐ Uregulert<br>☐ Lokale vedtekter<br>☐ Pågåande planarbeid<br>☒ Områderegulering<br>☐ Detaljregulering<br>☐ Bygge- og deleforbod<br>☐ Energipolitisk handlingsplan<br>☐ Anna |
| **Plannamn** | E39 Knarvik sentrum – oval rundkjøring gbnr 188/66, 69, m.flr.<br>Knarvik senter områdeplan<br>Felt D, Stallane |
| **Føremål** | Park, friområde, angitte samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastruktur, gang- og sykkelveg, bustadføremål, sentrumsføremål m.m. Det er ulike typar føremål for dei ulike tiltaka. |
| **Planføresegner** | I områdeplanen for Knarvik på den delen av planen som gjeld på oppsida av E 39 er det krav om utarbeiding av detaljplan då området ikkje er omfatta av illustrasjonsplanen. Tiltak i strid med planen vil krevje dispensasjon. Det vert ikkje gjeve permanent dispensasjon for dei skisserte tiltaka som er i strid med områdeplanen/reg.plan for E39.<br><br>Viser elles til gjeldande føresegner for dei ulike planane.<br><br>☒ Føresegn 3.4: plan for gjennomføring<br><br>☒ 3.5, plan for ytre miljø<br><br>Dette er ikkje ein opplisting av alle aktuelle føresegner.<br>Viser til føresegnene i dei aktuelle planane. |
| **Rekkjefølgjekrav** | Aktuelle rekkjefølgjekrav i plan:<br>Punkt 4.2 i reguleringsplanen for E 39 Knarvik sentrum- oval rundkjøring:<br>**Vilkår for bruk av veganlegg**<br>Før veganlegget blir teke i bruk skal fylgjande vere ferdig opparbeidd, som vist på reguleringsplanen og i reguleringsføresegnene:<br>o Støyskjermingstiltak skal opparbeidast i samsvar § 2.5.<br>o Handsaming av terreng og tilplanting /tilsåing skal ferdigstillast samstundes med resten av anlegget.<br>Dersom veganlegga blir tekne i bruk parsellvis, skal nemnde punkt ferdigstillast samstundes med aktuell parsell. |

| | |
|---|---|
| **Dispensasjon**<br><br>Dispensasjon krev grunngitt søknad. | Fleire av tiltaka som vart tatt opp i førehandskonferanse krev dispensasjon frå både områdeplanen og reguleringsplanen for E39.<br>Det vert kun opna for mellombels dispensasjon for tiltak som ikkje er til hinder for seinare gjennomføring av planane. |

| | |
|---|---|
| Dispensasjon må nabovarslast, enten særskilt eller saman med byggeløyve. | Der det ikkje er oppgitt tidsramme for dispensasjonen i søknaden, vert denne gjeve på ubestemt tid. Det inneber at dispensasjonen gjeld til kommunen krev dispensasjonen opphørt og reversering av tiltaka.<br><br>For meir informasjon, sjå rettleiing under dei einskilde tiltaka. |

| **Andre tilhøve** | |
|---|---|
| **Klima –og naturtilhøve** | ☐ Ras<br>☐ Flom<br>☒ Støy<br>☐ Radon<br><br>Ved kryss over:<br>Oppfølging av tiltak som ledd i støyrapport vedlagt planarbeidet. |
| **Verneinteresser i området** | Utfordringar ift. fiskemåse som er rødlistearta i Kvassnesstemma. Dette vil kunne skape utfordringar for etablering av kai ift. naturmangfold. |
| **Privatrettslege forhold** | Det må leggast ved grunnavtalar for alle tiltak som går inn på annan eigedom. |
| **Avstand til kommunalt leidningsnett** | Krav om 4 meter avstand, jf. standard abonnementsvilkår punkt 3.4. Plassering i strid med dette krev søknad om dispensasjon. |

| | |
|---|---|
| **Oppsummering/avklaring av konkrete spørsmål og problemstillingar** | **<u>Gjennomgang av dei ulike tiltaka etter dialog i møte:</u>**<br><br>1. Midlertidig kollektivterminal, rundkjøring og omlegging av veg mot Knarvik senter og dagens E39, angitt som A på innsendte kart og teikningar vist i møte:<br><br>Tiltaka vil krevje mellombels dispensasjon frå punkt 2.1 i områdeplan, krav om detaljplan, og frå arealføremål (rampe mot parkeringsgarasje,allmenning m.m.). Sjølve tiltaket skal søkast om permanent. I søknaden bør det leggast ved skriftleg uttale frå Statens vegvesen og Skyss på at dei aksepterer løysinga og som viser til den teikninga det vert søkt om.<br><br>Ved omlegging av veg før og når oval rundkjøring er bygd, må ny avkjørsel mot Knarvik senter sjåast i samanheng med den løysinga som er regulert inn i reguleringsplanen for E 39. Viser og til føresegn 9.1.1. for riggområde SAA1 #1. |




2. VA-anlegg, inkl. kai i Kvassnesstemma, vist som B på innsendte kart:
Område er sett av til friområde/park i områdeplanen for Knarvik. Innanfor område o_GF4 og VFV er det krav om utarbeiding av detaljplan, jf. føresegn 6.1.4 i områdeplanen. Etablering av tiltak utan at det ligg føre detaljplan krev dispensasjon.

   Kaien er tenkt som dekke/forblending for utløpet av Lonelva og som tiltak for tilrettelegging av park/friområde. Kaien er planlagt ført opp som ein natursteinsmur med tredekke. I artsdatabanken er det registert fiskemåse utanfor arealet der kaien skal etablerast. Fiskemåse er rødlistearta som ein art som er nært trua. Tiltaket må avklarast i forhold til naturmangfoldslova, og vi rår til at ein går i dialog med fylkesmannen sin miljøvernavdeling før søknad vert sendt inn til handsaming.

3. Mulig midlertidig mur langs Coop tomten, C:
Det er mulig at det vert etablert ein mur på ca. 2 meter høgde for å sikra parkeringsplassar for eksisterande bruk på eigedommen. Så lenge anleggsarbeida med oval rundkjøring og senking av Kvassnesvegen pågår, er mur vurdert som eit tiltak i samsvar med føresegnene for riggområde SAA2 #8. Dersom muren skal stå meir enn 3 månadar etter at arbeidet med senking av Kvassnesstemma og oval rundkjøring er ferdig, vil muren krevje dispensasjon frå gjeldande områdeplan.

4. Mur langs eksisterande parkeringsplass for Kiwi mot Kvassnesvegen, D: Det er planlagt ein mur på ca 1 meter. Muren er vurdert som eit tiltak som fell inn under unntaket for kravet til detaljplan i føresegn 2.1 2). Muren vil vera

søknadspliktig.

5. VA-anlegga som vist innsendte kart/skisser:
Dette vil vera søknadspliktig etter pbl § 20-1 og 20-3.
samband med søknad er det ønske om at det vert opplyst total lengde på grøfter for heile traséen.

6. Støyskjermer, F
Føresegn 2.5.2 i reg.plan for E39 set krav om etablering for eksisterande eigedommar. Støyskjerm er vist som eit tiltak i støyrapport som vedlegg til planen. Innanfor reg.planen for Stallane, er området sett av til bustadføremål, og det er lagt inn regulert byggegrense mot E39. veg. Må søkast dispensasjon frå byggegrense mot E39, og søknaden må sendast på høyring til Statens Vegvesen for dei eigedommane dette gjeld for.



- o_GF og #4.

Ved lagring evt. handtering av massar på #4, må det ved innsending av søknad dokumenterast korleis dette vil få verknad for eksisterande bustader ift. støy.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Arne Eikefet
Norconsult

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norconsult AS | Pb. 1199 | 5811 | BERGEN |